
Fra: Rune Garmann
Sendt: 8. februar 2017 10:58
Til: Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Postmottak Lindås; Postmottak Modalen; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Postmottak Vaksdal
Kopi: Lars Erling Aarland; Marit Solveig Solberg
Emne: Retta registreringsskjema
Vedlegg: 170208_Personregistreringsskjema.xlsx

Til rådmennene i Austevoll, Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal kommunar :

Eg syner til tidlegare brev, der det mellom anna var lagt ved eit skjema for registrering av personopplysningar som kommunen forvalta. Det syner seg at det var ein liten feil i skjemaet. Denne er no retta, og som vedlegg til dette brevet ligg den retta versjonen av skjemaet. **Eg vil på det sterkaste oppmode om at dette skjemaet vert teke i bruk dersom ein ikkje enno er komen i gang med arbeidet.** (*Dersom den gamle versjonen av skjemaet alt er teken i bruk skal vi rette feilen manuelt i ettertid. Det er difor ikkje naudsynt å starte om att dersom gamleskjemaet er i ferd med å verte fylt ut.*)

Vi har no vitja Masfjorden, Modalen, Fedje og Osterøy, og gled oss til å verte invitert til eit oppstartsmøte i dei andre kommunane også.

Venleg helsing
Rune Garmann
IKTNH
Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405